

Lindås kommune  
Postmottak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø  
v/Bernt Fjordheim  
Kvassnesvegen

08.06.2018

### **FINANSIERING AV KOMMUNALE Plassar ved KIM AS.**

Viser til melding pr telefon frå forvaltningskontoret v/ Vidar Rydland, der vert orientert om at kommunen ynskjer å gje ein brukar tilbod om dagplass ved KIM. Dette er ein person som i følgje vidaregåande skule og Gløde AS treng tett oppfølging for å kunna meistre kvardagen. Det er etter det me har fått opplysningar om, krav om 1:1 bemanning til vedkommande.

KIM vil gjere det me kan for at vedkommande skal finne seg godt til rette ved KIM, og at vedkommande får interessante arbeidsoppgåver tilpassa hennar funksjonsnivå. For å kunna gje eit tilbod til denne brukaren treng me ein gjennomgang av finansieringa av desse plassane.

Kommunen kjøper i dag eit tilbod til inn til 6 personar ved KIM AS. For dette betaler kommunen kr 506 763.- Faktisk bruk av plassane tilseier at ein brukar 3,4 plassar. Ikkje alle går kvar, dag noko som gjer at bruken er lågare enn kva den kunne ha vore.

Kr 506 763.- utgjer ved 3,4 plassar kr 149 048 pr plass. Dette er lågare enn kva KIM mottar i offentleg støtte for ein ordinær VTA plass. Ein ordinær plass har ei finansiering stor kr 198 465.- pr år. Dette er 49 417 meir enn kva Lindås kommune betaler for sine kommunale plassar ved KIM AS.

Eg har innhenta opplysningar frå dei andre VEKST bedriftene i regionen, og dei fakturerer kommunane det som ein VTA plass genererer av tilskot – D.v.s. kr 198 465.- pr år pr plass. Dersom brukaren krev meir enn ca 1:5 bemanning krev dei ytterlegare finansiering, evt at kommunen stiller med eigen bemanning i tillegg. D.v.s. same som me gjer ved KIM i dag.

KIM AS har etter mitt syn operert med ein alt for låg sats for plassane både i høve til finansiering av VTA plassar, og i høve til kva dei andre VEKST bedriftene fakturerer sine dagplassar. I høve til NAV er det og ei utfordring å selje plassar lågare enn kva VTA plassane genererer av tilskot. NAV hevdar dermed – med rette?- at VTA plassar medfinansiar reine kommunale plassar ved KIM. Dette er ikkje i tråd med gjeldande retningslinjer for VEKST bedrifter.

Som dagleg leiar vil eg dermed med dette varsle om at me ser oss nøydt til å auke satsane i tråd gjeldande satsar for offentlege tilskot til VTA plassar. Ber difor om eit snarleg forhandlingsmøte der me saman finn ei riktig finansiering av kommunale plassar ved KIM AS.

Eg er til orientering på ferie i perioden 25 juni til 13 juli.

Mvh

Morgan Taule  
Dagleg leiar KIM AS